

# PROTOKOLL

## BARN OG UNGES KOMMUNESTYRE 2016



**HÅ RÅDHUS**

**11. NOVEMBER 2016**



Hå kommune

## INNKALLING

### Barn og unges kommunestyre

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Dato:** 11.11.2016

**Tidspunkt:** Kl. 09:00

Eventuelt forfall må meldast til telefon 51 79 30 12 / 51 79 30 28 / 936 60 854.

#### Sakliste

**Sak nr.    Sakstittel**

001/16    Innspel frå elevråda om tema: Motivasjon

002/16    Kva ynskjer elevrådet å bruka pengane på?

003/16    Spørsmål ifrå elevråd

Varhaug, 21.11.2016

Jonas Skrettingland  
ordfører

Namn på elevar som deltek på BUK 2016:

<b>Varhaug ungdomsskule</b> 8.-10. trinn	Georg Meling Emilie Solheim Sara Håland
<b>Motland barneskule</b> 5.-7. trinn	Liv Ingrid Haveland Andrea Olufsen Håland Sander Nærland Rosseland.
<b>Nærbø ungdomsskule</b> 8.-10. trinn	Joakim Hobberstad Trym Engelsvoll Aila Fuglestad
<b>Høyland barneskule</b> 5.-7. trinn	Tuva Søyland Elisabeth Stokkeland Tobias Rimestad
<b>Vigrestad storskule</b> 5.-7./ 8.-10. trinn	Mellomtrinn (5.-7.): Mari Vold Ida Vold Sandrine Vold Ungdomstrinn (8.-10.): Mads Efjestad Andre Hegelstad Espen Gjedrem
<b>Ogna skule</b> 5.-7./8.-10. trinn	Aslaug Oltedal (10.) Trygve Årsland (9.) Stian Svanes (8.) Victoria S. Vold (7.) Cordelia Tuen (6.)
<b>Bø skule</b> 5.-7. trinn	Eivind Fagereng Fredrik Gudmestad Arya Maman
<b>Varhaug barneskule</b> 5.-7. trinn	Snorre Varhaug (7.) Adine Haugstad (6.) Filip Natanael Bøe (5.)
<b>Tryggheim ungdomsskule</b> (privat) 8.-10. trinn	Marta Elvira Eidsaa Bjorland Erling Øvestad Thea Lerbrekk

Politikarar:

Ordførar Jonas Skrettingland (KrF), varaordførar Mons Skrettingland (H), Wibecke Natås (AP), Sveinung Lode (SP) og Trond Knutsen (NL).

Frå administrasjonen møte:

Rådmann Anne Berit Berge Ims

Waldemar Pettersen, kommunalsjef opplæring og kultur

Trond Sunde, skulesjef

**Velkommen ved ordførar og rådmann:**

Ordførar Jonas Skrettingland ønska velkommen til det tredje Barn og unges kommunestyre.

Ordføraren orienterte om kommunestyret si rolle. Politikarane bestemmer.

Rådmannen orienterte om administrasjonen og dei tilsette i kommunen.



### **Innslag ved Hå kulturskule:**

Bjørghild Espeland frå Kulturskulen i Hå syng «Mein Herr Marquis» og Eline Boganes syng «A pastoral song». Kulturskulelærar Maciej Stroynowski akkompagnerer på piano.



### **Presentasjon ved ungdomsrådet:**

Asta Herredsvela fortel om Ungdomsrådet og syner film frå utvekslingsturen til Tsjekkia. Ungdomsrådet kan kontaktast via kommunen si heimeside, Facebook og Instagram. Årsmøtet er 6. desember kl. 18.00 på Rådhuset. Årsmøtet er ope for alle i aldersgruppa.



### **Kommunestyrerepresentant Trond Knudsen (Nærbølista) om motivasjon:**

Motivasjon er det som set oss i gang. Indre motivasjon - det me held på med fordi det er gildt og ytre motivasjon - det andre ynskjer me skal gjera (evt. med belønning).

Alle treng motivasjon kvar dag. Det er lettare å stå opp når ein har noko å sjå fram til.

Tilbakemeldingar er viktige og kjekke å ta imot.

Det er viktig å kjenna at ein betyr noko for andre, og at ein gjer ein viktig jobb.

Start dagen med å vera positiv til det du skal gjera. Sett av tid til noko som er gildt.



Ordfører set møtet og har namneopprop. Alle er møtt.  
Dagsorden: Me handsamar fyrst sak 1, så sak 3 og til sist sak 2.



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
001/16	Barn og unges kommunestyre	11.11.2016

Saksbehandlar: Trude Høyland  
Sak - journalpost: 16/1818 - 16/29215

---

### **Innspel frå elevråd om tema: Motivasjon**

#### **Bakgrunn for saka:**

Alle skulane ved elevråd får ei utfordring/ei sak frå kommunen, som ein ber elevråda diskutera.

Det enkelte elevråd førebur eit kort munnleg innlegg til aktuelt tema, og framfører dette på barn og unges kommunestyremøte.

Elevråda fekk tilsendt desse spørsmåla frå kommunen:

*Spørsmål til elevane/skulen/elevrådet:*

- 1. Kan du nemna ei gong du gjorde noko arbeid på skulen som var særst gildt?*
- 2. Kan du nemna ei gong du lærte noko på skulen, som du kjende du hadde god bruk for å kunna?*
- 3. Har du forslag til korleis det kan vera gildt å læra på skulen kvar dag?*

#### **Innspel ifrå elevrådet ved:**

##### **Nærbø ungdomsskule – Joakim, Trym, Aila**

1. Noko arbeid på skulen som var særst gildt
2. Noko du har lært på skulen som du kjende du hadde god bruk for å kunna:
3. Korleis det kan vera gildt å læra på skulen kvar dag:

Motivasjon:

Det elevrådet kom til var at inntrykket av kva som motiverer er når elevane får vere aktive og deltakande, som ved t.d. ekskursjonar, diskusjonar, foredrag frå andre utanfor skulen, og praktisk læring/undervisning. At når elevane får delta og reflektera, gjev det motivasjon og læring. Alle fag vart nemnde som nyttige.

##### **Motland skule – Sander, Andrea, Liv-Ingrid**

1. Noko arbeid på skulen som var særst gildt:  
Sy ei skilpadde i kunst og handverk, gruppearbeid, bokveke, engelsk-prosjekt, naturfags- prosjekt og skrive historier i norsk.
2. Noko du har lært på skulen som du kjende du hadde god bruk for å kunna:  
Gangetabellen, data, symjing, engelsk og arbeid i grupper. Vi treng å samarbeida med andre menneske i nesten alle arbeid.

3. Korleis det kan ver gildt å læra på skulen kvar dag:  
Bruke læringsven, gruppearbeid, data, øve på førestelling. Vi er heldige på Motland som får setje opp lange og store førestillingar. Det aukar sjølvtiliten, gjer motivasjon, vi opplever mykje glede og mestring når med har framvising til foreldra våre og dei andre på skulen.  
For å ha det kjekt på skulen er det viktig med støttande og motiverte lærarar som har ei variert undervisning.

### Høyland skule – Elisabeth, Tobias, Tuva

1. Kan du nemne ei gong du gjorde noko arbeid på skulen som var særst gildt?
  - Å førebu ein kulturkveld
  - Å ha eit K&H prosjekt der vi fekk velja sjølv kva vi ville laga
  - Då vi fekk spela spel i mattetimen.
  - Mat og helse timane
  - Gym- og symjetimane
  - Prosjekt der vi var ute i naturen.
2. Kan du nemne ei gong du lærte noko på skulen, som du kjende du hadde god bruk for å kunna?
  - Alfabetet
  - Gongetabellen
  - Symjing
  - Mat og helse
  - Gode strategiar i matte
  - Grammatikk
  - Måle-einingar
3. Har du eit forslag til korleis det kan vera gildt å læra på skulen kvar dag?
  - Ved å læra på ein annan måte enn bare å sitja å snakka eller å skriva heile tida.
  - Ved å læra ute.
  - Ved å gjera ting i praksis
  - Ved å ha meir eksperiment
  - Ved å ha ulike Bingo
  - Ved å bruka PC meir
  - Stasjonsarbeid
  - Laga ting vi kan bruka på skulen i K&H
  - Ved å bruka kahoot meir
  - Få spele meir i timane
  - Få sitja meir i lag to og to.
  - Få ha meir gym på skulen.
  - Ha meir leik inn i læringa.
  - Sjakk

## Trygheim ungdomsskule – Marta Elvira

Innspel om motivasjon

- 1: «Læra ved å gjera» gjer skulen særst gildt og her er nokre eksempel. Kahoot, quizlet, konkurransar.
- 2: Vi treng nesten alle fag for å kunne ha et godt vaksenliv Samfunnsfag, engelsk, matte(økonomi), fremmspråk er nyttig. Matematikk er nyttig til den daglege økonomien i heimen som ein får når ein blir vaksen. Det er og viktig å kunna matematikk slik at ein ikkje blir lurt økonomisk. Språkfag er nyttig i jobb og når ein skal på ferie utanlands. Samfunnsfag er nyttig for å kunne følgje nyheiter og samfunnsdebattane. Nesten alle fag er meir eller mindre nyttige.
- 3: Kva motiverer for læring? Film, leker og diskusjonar er kjekke ting å gjere for å oppnå læring. Ulike læringsmetodar skapar variasjon, og dette er noko som skapar motivasjon.

## Ogna skule – Stian, Trygve

Motivasjon er det som får deg lyst til å gjera noko.

1. Arbeid som var særst gildt:  
laga video, debatt, matematikk ute, forsøk i naturfag, skodespel, uteskule med oppgåver, lage veggavis og mykje meir. Å ha ei gulrot å strekkja seg etter er bra.
2. Lærte noko du hadde bruk for:  
lesa, rekna, engelsk, å drøfte, argumentere, historie, sosialt og om venskap, korleis samfunnet fungerer, korleis naturen er bygd opp, ...
3. Forslag til korleis det kan vera gildt å læra kvar dag:  
Gjera undervisninga praktisk med praktiske oppgver og praktisk arbeidsmåte : rekna ute, forsøk , rollespel, laga video, kahoot, quiz, lærerike spel .....

## Bø skule – Anders, Fredrik

1. Kan de nemna ei gong de gjorde noko *arbeid* på skulen som var særst gildt?  
Læringsspel i matte og andre fag  
Gå ut og lære praktisk i t.d. naturfag  
Sosial leik med ballongar med ulike oppgåver inni som alle måtte gjere
2. Kan de nemna ei gong de *lærte noko* på skulen, som du/ de kjende du/ de hadde god bruk for å kunna?  
Gruppearbeid (lærer både fagleg i lag, og sosialt)  
Skrive forteljing på PC, bruke Power point etc.
3. Har de forslag til korleis det kan vera gildt å læra på skulen kvar dag?  
Kahoot  
Vere ute og lære  
Variere, ikkje gjere det same kvar dag  
Stasjonar  
Gruppearbeid  
Advent: sitje i lag i grupper m lys på bordet, ein elev får bestemme ein kjekk sosial aktivitet kvar morgon  
Belønning/ gjere noko gildt om du har jobba godt.  
Kreativ undervisning  
Bruke ei økt i veka på å gjere lekser på skulen



## Vigrestad storskule – Mads, André

### Motivasjon

1. På Vigrestad storskule er det mange elevar som meiner at det er gildt å jobbe med praktiske ting. Mange har nemnt arbeidet i Stokkalandsmarka som særst gildt. Her får ein lære mykje, og ein får lære av å gjere praktiske ting i staden for å løyse teoretiske oppgåver. Vi har også utplassering i bedrifter, der vi får jobbe praktisk, og lære korleis det er på ein arbeidsplass.
2. Vi har hatt bruk for mykje av det vi har lært, til dømes matlaging. Arbeidet i Stokkalandsmarka har mange hatt bruk for. Mange har brukt det praktiske dei har lært i arbeidslivsfgag. Vi har og bruk for matematikk kvar dag.
3. Meir praktisk arbeid, meir variasjon i måten vi jobbar på, moglegheiter for å få gjere lekser på skulen. Vi ynskjer meir gruppearbeid. Det er for mange prøvar og innleveringar, spesielt i tiande klasse.

## Varhaug barneskule – Snorre, Filip, Adine

1. Kan du nemna ein gong du gjorde noko arbeid på skulen som var særst gildt? Spesielle dagar som turar, fagdagar, uteskule. Fellessamling, leika butikk, gruppearbeid, laga powerpoint og plakat, kunst og handverk, klassens time, sjå film, vera kantinevakt.
2. Kan du nemna ein gong du lærte noko på skulen, som du kjende du hadde god bruk for å kunna?  
Å rekna, å lesa, engelsk, gongetabellen, alfabetet, om kosthald, å bruke data, å ikkje le når andre seier feil, å inkludera andre i friminutta og timane, å venta på tur og å få innblikk i kva som skjer andre stader i verda.
3. Har du forslag til korleis det kan vera gildt å lære på skulen kvar dag?  
Praktiske oppgåver, få bruke kroppen. Fysisk aktivitet kvar dag, bruke data, samarbeid, gruppearbeid, mat og helse på fleire trinn, variasjon i timane (snakke, lese, sjå film, oppgåver). Få positive tilbakemeldingar på det me gjer. Det er viktig at elevane er opplagte og har eit greitt forhold til læraren.

## Varhaug ungdomsskule - Georg

1. Arbeid på skulen som var særst gildt:
  - Me spelte Jeppe på Bjerget/Gutten som kappåt med trollet
  - Me dramatiserte eventyr
  - Me hadde Kahoot om det me lærte i timen.
  - Atlars kom og me laga rap
  - Me hadde quizlet.live i spansken
- 2: Ein gong vi lærte noko som me kjende me hadde god bruk for:
  - Gangetabellen
  - Alfabetet
  - Lærte dyra på engelsk
  - Laga mat i mat og helse
  - Verba på tysk
- 3: Forslag til korleis det kan vera gildt å lære på skulen kvar dag:

- Meir fysisk aktivitet i løpet av dagen, sånn at me ikkje er så trøtte.
- Meir dramatisering i faga.
- At me får arbeida meir sjølve, helst i grupper. Læraren må snakka mindre sånn at me får gjera meir.
- Avbrekk i timane. T.d.: Midt i mattetimen er det ein lek eller konkurranse sånn at me vaknar og klarer å konsentrera oss etterpå.
- Det er gildt å kjenna at me forstår noko. At me faktisk lærar noko nytt. Det gjer dagen gild!

### Oppsummering ved Trond Egil Sunde, skulesjef:

Eg vert imponert over utsendingane som presenterer høgt og tydeleg frå talarstolen. Det har de kanskje lært i skulen?

Det er viktige ting de tek fram: Gjere aktivitetar de er med på, samarbeid, spel, quiz, konkurransar, drama osv. For å ha det kjekt på skulen, må ein ha støttande lærarar som er motivert og har variert undervisning.

Noko av det aller viktigaste ein kan lære er å ta omsyn og vera ein god venn. Læringsvenn og gruppearbeid er og viktig. Legg vekt på positive tilbakemeldingar.

Takk for gode innspel.



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
002/16	Barn og unges kommunestyre	11.11.2016

Saksbehandlar: Trude Høyland  
Sak - journalpost: 16/1818 - 16/29211

---

## Kva ønskjer elevrådet å bruka pengane på?

### Bakgrunn for saka:

Kvart elevråd førebur eit forslag («framlegg til vedtak») på kva totalsummen på 60 000 skal brukast til.

Beløpet blir delt i to:

- 30 000 går til forslag frå 5.- 7.trinn
- 30 000 går til forslag frå 8.- 10. trinn

Elevrådet lagar eit forslag ut frå desse kriteria:

- a) Skal kvar enkelt skule ha ein aktivitet?
- b) Skal kvar enkelt skule gå til innkjøp av utstyr?
- c) Skal ein støtta ein organisasjon eller eit veldedig formål?

### Forslag ifrå elevråd ved:

#### 1. Nærbø ungdomsskule – Joakim, Aila

*Elevrådet ynskjer å gje 30 000 kroner til Rådet for Psykisk Helse. Bakgrunnen for dette er resultatet av Ung Data-undersøkinga - at den viser at stadig fleire, særleg jenter, slit seg ut med tanke på prestasjonar og krav til seg sjølv, samt at me ser det er stor pågang hjå helsesyster/sosialarbeidar, og dermed ser me også at ungdommen har ting dei slit med og har behov for å ha nokon å snakke med.*

*Rådet for Psykisk Helse er ein paraplyorganisasjon. Me har lyst at me set fokus på psykiske lidingar og at ein ikkje skal oppleve at ein er åleine om dette. Ungdom kan få hjelp, ikkje bare på skulane der det vert synleg med avtalar med helsesyster, men at ungdom kan få hjelp av andre.*

#### 2. Tryggheim ungdomsskule – Marta Elvira

*Elevrådet vil ha som forslag å bruke 30 000 kr på kanonballturnering (og innebandy) for alle skulene i Hå. Det er kjekt å kunne samla alle skulane i HÅ og å kunne ha noko sosialt saman. Kjekt å få sjå og snakka med andre ungdom.*

#### 3. Ognaskule – Aslaug

*Fordele pengane likt mellom skulane Fram til no har vi brukt på aktivitetsdag i Loen. Skulane kan kvar for seg bruka det til det dei vil. Om det er utstyr, er det viktig at det er sosialt og skaper trivsel.*

#### **4. Vigrestad storskule - Espen**

*Både mellomtrinnet og ungdomstrinnet foreslår ein aktivetsdag med turnering (innebandy/ volleyball) og andre aktivitetar (til dømes kor, dans, publikum) slik som vi har hatt dei andre åra. Vi ynskjer at dette skal vere ein felles dag for alle skulane i kommunen. God felles oppleving for alle i kommunen.*

#### **5. Varhaug ungdomsskule – Sara**

*Ein kjekk aktivitet for alle ungdomsskulane i Loen på Nærbø. Vi vil at det skal være mulighet for å spele kanonball, være med på sang eller dans. Dette skal elevane kunna velja. Så ønsker me å bestille pizza til alle. Viss det blir for dyrt så kan elevane betale litt for kvart stykke, feks 5 kr. Men helst vil vi at det skal vera gratis.*

#### **6. Motland skule - Sander**

*Leggja dei til summen vi samlar inn til Hei verden på open skuledag. I Norge er 5000 kr ikkje så mykje, men det kan vera svært mykje pengar for andre rundt om i verda.*

#### **7. Høyland skule - Elisabeth**

To forslag:

- A) Alle på 5.-7. trinn får ein dag i Kongeparken.
- B) Vassautomatar ute ved alle idrettsanlegga i Hå kommune.

#### **8. Bø skule - Arya**

*Aktivitet: Filmdag på kvar einskild skule med mat og drikke.*

#### **9. Oгна skule – Cordelia**

*Støtte kreftsaka. Kreftomsorgen i Rogaland er viktig og har mange gode tilbod.*

#### **10. Varhaug barneskule – Snorre**

*Forslaget til kva 30 000,- skal gå til er nytt utstyr som for eksempel sandleiker og anna.*

**Ordførar føreslår gruppemøte:** ungdomsskulane går i formannskapssalen og mellomtrinna vert verande i kommunestyresalen for å diskutera.



### **Ungdomsskulane:**

Marta Elvira (Tryggheim): Tryggheim, Varhaug og Vigrestad ynskjer å slå seg saman om ein aktivitetsdag (unngå handball og fotball). Det er ein sosial og annleis dag, der me og kan treffa nye folk.

Trygve (Ogna) : Ogna skule ville fordela pengane. Me har hatt sktivitetsdag to år på rad. Pengane kan fordelast etterpå.

Aila (Nærbø): Me har hatt aktivitetsdag to år på rad, og kan godt tenka på andre enn oss sjølv. Psykiske helse er noko alle overser og ignorerer, me kan droppa aktivitetsdagen eitt år for å gjera noko for dei som faktisk treng det.

### **Prøveval:**

Aktivitetsdag: 7 stemmer

Fordela pengane: 2 stemmer

Psykisk helse: 6 stemmer

### **Endeleg vedtak:**

**Aktivitetsdag: 9 stemmer. Vedtatt**

Formål psykisk helse: 6 stemmer

Trygve (Ogna skule): Ønske om at ishallen skal vera med som eit tilbod til dei som ikkje har lyst å vera med på ballspel og anna.

### **Mellomtrinnet:**

Sander (Motland): Dela 30 000 kr i to; 15 000 kr til veldedighet og 15 000 kr til utstyr

Fellesdag/aktivitetsdag 30 000 kr. Dei som ikkje er i arbeid kan vere med og arrangere på dugnad.

Ida (Vigrestad) Me deler det i to: Veldedighet til kreftforeininga og aktivitetsdag (kor og dans, uteaktivitetar)

Tommy Knudsen: 15 000 kr vil ikkje strekkja til ein aktivitetsdag. I fjor kom ein ikkje i mål med 30 000 kr. Store deler av beløpet går med til å dekkja transportutgifter.

**Prøveval:**

Fordela pengane: 11 stemmer

Felles aktivitetsdag: 0 stemmer

Kreftforeininga/aktivitetsdag: 6 stemmer

**Endeleg vedtak:**

**Fordela pengane; 15 000 til eit godt formål / 15 000 til utstyr: 10 stemmer. Vedtatt**

Forslag om å dele mellom Kreftforeininga og aktivitetsdag fekk 7 stemmer

**Avstemming formål 15 000 kr:**

Hei verden: 0 stemmer

**Kreftforeininga: 17 stemmer. Vedtatt.**



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
003/16	Barn og unges kommunestyre	11.11.2016

Saksbehandlar: Trude Høyland  
Sak - journalpost: 16/1818 - 16/29209

---

## Spørsmål frå elevråd

### Bakgrunn for saka:

Det er opna opp for at elevråda kan stilla spørsmål til kommuneleiinga (ordførar, rådmann og kommunalsjefar) i barn og unges kommunestyremøte. Spørsmåla må vera sendt inn til administrasjonen på førehand.

### Spørsmål frå elevrådet ved:

#### Høyland skule - Elisabeth

- Høyland skule har ikkje sløydrom, K&H rom, naturfagrom, musikkrom eller nok grupperom. Vi har heller ikkje nok pengar til bøker og må derfor bruka eingongsbøker som fleirgongsbøker. Vi har ikkje pengar til buss slik at vi kan få dra på ekskursjonar (for eksempel Jernaldergarden eller Vitenfabrikken). Vi har eit stort fint uteområde, men ikkje pengar til å kjøpa utstyr/leikar til å bruka ute. Kvifor brukar Hå kommune så lite pengar på skulane i forhold til mange andre kommunar rundt i Norge?

**Svar frå Ordføraren:** *Når me samanliknar oss med andre, bruker me litt mindre enn andre skular. Det skuldast for ein del at me får inn mindre pengar i skatt, fordi folk her ikkje tener like mykje som ein del andre stader.*

*Kor mykje skal me bruka? Me må vega det opp mot andre tiltak. Me har lyst, men har ikkje pengar nok. Skulen har fått tildelt ein del pengar, så er det opp til rektor på skulane til å bestemma kva de skal bruka pengane på.*

- Kvifor har de brukt så mykje pengar på Bø skule, når vi har så lite pengar på Høyland skule?

**Svar frå Ordførar:** *Dette kan nok opplevast urettferdig. Skulane me bygde på 70-talet var ikkje haldbare. 40 år er eigentleg ingen alder på eit bygg, men det viser seg at somme gonger er det ikkje haldbart. Me ynskjer å gjera det skikkeleg og varig. Me tek skule for skule og ynskjer å gjera det skikkeleg. Driftsutgiftene på skulane skal vera dei same.*

- Kan alle elevane få i-pad på skulane?

**Svar frå Waldemar Pettersen:** Hå kommune satsar på IT. No skal alle på ungdomsskulane ha ein PC. Barneskulen skal ha 3 elevar pr. PC.

Me har sett i gang eit prosjekt, der me ser på løysningar til korleis ein kan læra best mogleg. Me veit meir om dette i april/mai.



### Tryggheim ungdomsskule – Marta Elvira

- Nettmobbing er eit stadig større problem for barn og ungdom i Noreg. Hadde det vært ein idé å oppretta ei nettsida i kommunen, der ein kunne varsle om problema?
- Kva gjer kommunen med nettmobbing?

**Svar frå Trond Egil Sunde:** *Ja. Me ser at nettmobbing er eit aukande problem. Jærskulen har sett i gang eit arbeid som skal vera med på å hjelpa skulane og ha eit godt skulemiljø. Alle skulane si*

*heimeside skal ha ein «mobbeknapp» til nyttår, der ein kan varsle skulen om ugreie ting ein har opplevd på skulen, også nettmobbing.*

### Bø skule - Arya

- Kvifor er det ikkje vegbelysning langs all skuleveg?

**Svar frå Ordførar:** *Det kostar ca. 1 million pr. km å byggja gatelys. Straumutgifter kjem i tillegg. Me byggjer litt etter litt. Det er ein del km igjen, før me er i mål. Det handlar om pengar. Me har ei prioriteringsliste der skuleveg er viktig.*

- Er det vanskeleg å vere polititar i Hå kommune og korleis er det å ha så mykje makt?

**Svar frå Ordførar:** *Det er vanskeleg er å prioritere og velje kva me skal få gjort med dei pengane me har? Det er mange behov.*

*Det er spennande å få vera med på å bestemma. Ordføraren bestemmer svært lite åleine, det skjer saman med kommunestyret.*

*Formannskap og fleirtalet i kommunestyret bestemmer. Svært mykje bare må gjerast, fordi det er regler som bestemmer det. Noko kan ein bestemma sjølv.*

**Mons Skrettingland (H):** *Ordførar kan ha stor påverknadskraft. Ein får aldri alle nøgde, nokre gonger må ein ta upopulære avgjersler.*

- Vi ynskjer oss ein trampolinepark i Hå kommune. Er det mogleg?

**Svar frå Ordførar:** *Me har starta arbeid med sentrumsutvikling og ein sentrumsplan. Nærbø er først ut, etter kvart kjem dei andre bygdene.*

*Ordføraren er litt skeptisk til ein kommunal trampolinepark. Det er ein del uhell med trampolinar, og dei må i tillegg ha tilsyn. Kanskje det hadde vore kjekt med ein annan form for aktivitet?*



### Vigrestad storskule - Mads

- Er det mogleg å få benkar under tak på skulen? Har kommunen noko med dette å gjere?

**Svar frå Ordførar:** *Dette må skulen eventuelt prioritera av pengane dei får.*



- Blimed-benk er også ynskjeleg. Kan t.d. elevane få lage dette i Stokkelandsmarka?  
**Svar frå Ordførar:** *Skulane avgjer sjølv med tildelte pengar.*

- Kvifor er det ikkje skyss mellom skulen og arbeidslivsfaget i Stokkelandsmarka?  
**Svar frå Ordførar:** *Me får ikkje buss, men me har søkt om pengar til det. Skyss i skuletida er opp til kvar skule. Her er gang - og sykkelsti, så skulen har nok tenkt at elevane kan klara å sykla.*

- Har kommunen vurdert å forlengje skuledagen med ein halvtime, og la elevane gjere lekser på skulen?

**Svar frå Trond Egil Sunde:** *Det er ikkje ei stor sak for oss sentralt (på skulekontoret),.Har ein skule har lyst til å prøve det ut, er dei velkomne til det. Eg tek spørsmålet vidare til dei andre rektorane.*

- Har kommunen planar om å tilby varm skulemat til elevane?

**Svar frå Ordførar:** *Eg trur (kommunestyre)fleirtalet har tenkt at det kostar for mykje. Skuleutstyr og anna vert nok prioritert på skulane. Det er og viktig med flest mogleg vaksne inne i klassane.*

- Kvifor er swingkonkurransen på Varhaug når det var Vigrestad som vann sist år?

**Svar frå Ordførar:** *Eg skal vera med på opninga i kveld. I fjor vann Vigrestad vandrepokalen til odal og eige. Ny start i år, denne gong på Varhaug.*

- Kvifor er det arbeid på togbanen heile tida? Når er det ferdig?

**Svar frå Ordførar:** *Det er ikkje kommunen som styrer dette arbeidet. (Jernbaneverket) skiftar ut køyreleidningane mellom Egersund og Sandnes. Arbeidet er snart ferdig.*

- Er det mogleg at dei yngste elevane kan slutte tidleg på onsdagar, slik det var før?

**Svar frå Ordførar:** *Fleirtalet i kommunestyret avgjorde dette. Tysdagen er kort, grunna samarbeidet i Jærskulane. Om skulen har skifta dag internt, må dette tas opp med rektor gjennom elevrådet.*

- Er det mogleg å få busskur ved skulane?

**Svar frå Ordførar:** *Det er mogleg, men det er skulane si sak.*

**Svar frå Waldemar Pettersen:** *Det kjem busskur ved dei nye skulane. Sånn er det ikkje av seg sjølv ved dei gamle skulane. Rektor må seia frå om dei ynskjer busskur.*

### Varhaug skule: - Snorre, Filip, Adine

- Er det moglegheit for å få leksefri skule i Hå kommune?

**Svar frå Trond Egil Sunde:** *Det er ein lang tradisjon for å ha lekser. Me skal passa på at lekser er «vits i». Ikkje for mykje og at ho alt er gjennomgått på skulen. Flott at spørsmålet vert reist. Lekser kan ha ein god funksjon, ved at ein repeterer. Skal ikkje vera for vanskeleg og for mykje. Ta det opp i elevrådet og med rektor, kanskje de kan få prøva leksefri ei stund?*

- Me merkar plassmangel på skulen. Korleis er planane for utbygging av Varhaug skule?

**Svar frå Ordførar:** *Det er trangt på Varhaug, og det er fleire elevar enn skulen er berekna til. Rådmannen foreslår at 7. trinn kan flytta opp til ungdomsskulen, og at gymsalen vert undervisningsrom, det er god plass der. Rådmannen har satt opp forslag om tilbygg til Varhaug skule i 2020. Kommunestyret ser vidare på dette 16. desember.*

- **Sander - Motland skule –:** ynskjer fotballbane i sentrum.
- **Andrea - Motland skule -:** For 20 år sidan var det meir liv i bygdene, kvifor er det mindre folk nå?

**Svar frå Trygve - Ogna:** *Me har fått datamaskin og er difor meir inne.*

**Svar frå Trond Knudsen (NL):** *Hå kommune har starta arbeidet om korleis me vil nytta torget på Nærbø, alle kan koma med innspel. Eg ynskjer meg ein sandbane som ein kan nytta til mange ulike spel. Gjerne boccia til dei eldre. Viktig at ein lager til uteområde med overbygg, og at det er triveleg. Lag og organisasjonar kan prøva å laga arrangement for alle. Viktig med eit bilfritt område i alle bygdene.*

**Svar frå Mons Skrettingland (H):** *Alle med å byggja vår eiga bygd og vårt eige sentrum. Neste gong de reiser til M44 eller Kvadrat, snakk med foreldra dykkar om kvifor de ikkje handlar der de bur? Ein treng ikkje reisa til vekk, ein kan handla på det lokale handelsslaget. De har stilt mange gode spørsmål, og eg reknar med å høyra frå fleire av dykk i kommunestyret om 10-20 år.*

- **Trygve - Ogna skule:** Er det mulig å få eit «frikort» om ein har gjort det godt på skulen? Som å sleppa ei lekse?

**Svar frå Trond Egil Sunde:** *God idé, ta det vidare til elevrådet og med rektor.*

**Ordførar:** *Takk for gode innspel og godt arbeid. Takk til dokke, til lærarane og administrasjonen.*

Kvar elev fekk utdelt sin eigen powerbank.

